



GISKE KOMMUNE



**PLANSTRATEGI FOR GISKE KOMMUNE
2017 - 2020
VEDTAKSDOKUMENT
06.11.2017**

GISKE KOMMUNE - historisk og framtidsretta

Innhald

1 Innleiing	4
2 Rammer og føringer for arbeidet	4
2.1 Folkehelse	4
2.2 Nasjonalt forventingsbrev	4
2.3 Regionale føringer	5
3 Utviklingstrekk og viktige utfordringar	6
3.1 Den regionale utviklinga	6
3.2 Lokale utviklingstrekk og utfordringar	12
4 Evaluering gjeldande planar	13
4.1 Plansystemet i kommunen	13
4.2 Kommuneplan	14
4.3 Regional delplan	15
4.4 Interkommunal plan	15
4.4 Kommunedelplan	15
4.5 Temaplanar	15
4.6 Reguleringsplanar	15
5 Prioritering av planoppgåver i perioden 2017 -2020	16
6 Konklusjon	17

Føreord

Kommunal planstrategi skal vedtakast kvar valperiode innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert. Dette er ikkje en plan, men eit oversyn over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva planarbeid ein må bruke ressursar på i løpet av fireårsperioden.

For å kunne prioritere riktig, må ein ha godt oversyn over viktige utfordringar i kommunen. Nokre av desse utfordringane kan ikkje løysast av ein kommune aleine, men gjennom samarbeid med nabokommunar eller heile regionen.

Rettleiar frå departementet (KMD) seier:
«Kommunal planstrategi er en viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innenfor arealplanlegging og tjenesteyting. (kap 1.3 Bedre samarbeid om planoppgaver på tvers av kommune- og fylkesgrenser)....

.....Samarbeidet med nabokommunene er viktig blant annet fordi det kan bidra til å identifisere og avklare interkommunale planoppgaver i planperioden. (kap 2.3 Samrådsplikt med nabokommuner, fylkeskommuen og regional stat).»

Med bakgrunn i dette, tok Ålesund kommune og fylkeskommunen initiativ til eit felles møte. Alle Sunnmørskommunane pluss Sandøy var invitert til Ålesund 27. august 2015, elleve kommunar

møtte. Det var stor semje om at det vil vere nyttig å samarbeide om dei kommunale planstrategiane, og det vart nemnt mange konkrete tema som det bør vere aktuelt å sjå nærmare på, mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, felles strategisk næringsutvikling, risiko og sårbarheit (ROS). Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med sikte på eit konkret forslag om korleis ein kan tilnærme seg planstrategien i fellesskap. Arbeidsgruppa har vore:

Rådmann i Giske: Marit E. Larsen

Rådmann i Skodje: Bente G. Vikhagen

Rådmann i Sandøy: Ann-Heidi Paulsen

Planleggar i Skodje/avdelingsingeniør: Ingunn Stette

Planleggar i Ålesund/rådgivar: Liv-Kjersti Finholt

Plansamordnar i MR fylkeskommune/rådgivar Johnny Loen

Dokumentet som no ligg føre, bygger på arbeidsgruppa sine tilrådingar men tilpassa etter drøftingar i plenum og i den enkelte kommunen.

Rådmann i Giske

1 Innleiing

Kommunal planstrategi er heimla i [plan- og bygningslova](#) § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Planstrategien har som hovudføremål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planar og styrings dokument.

Det er viktig at mest mogleg oppdaterte analyser om samfunn og utviklingstrekk ligg til grunn for korleis ein prioriterer bruken av planressursar. Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunnsmål, men må sjølv sagt sjå tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen. Planstrategien er ikkje rettsleg bindande, men legg grunnlaget for betre ressursutnytting og betre oversyn over styringssystemet.

Samarbeid innan byregionane er nødvendig for å styrke dei urbane kvalitetane i fylket. Sterke byar med gode urbane kvalitetar medverkar til at regionane samla vert meir attraktive, og det styrkar slik sett også føresetnadene for kommunane som soknar til byen. Mål om dette er også nedfelt i fylkeskommunale planar, med siktemål å ivareta og styrke Møre og Romsdal sin attraktivitet i konkurransen med dei største demografiske magnetane utanfor fylket. I det demografiske bildet set også innvandrarar sitt

preg, og ein må ta omsyn til dette, anten dei kjem for å få arbeid eller er på flukt frå krig og terror.

Planstrategien bør elles også drøfte kva oppgåver kommunen best er tent med å planlegge saman med tilgrensande kommunar eller innanfor regionen samla. Ikkje minst er dette å sjå som eit krav i samband med at Ålesundsregionen deltek i det såkalla «[Byregionprogrammet](#)». Programmet er initiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som også har gitt tilskot økonomisk.

Ut frå dette har Giske kommune samarbeidd med Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane elles i Ålesundsregionen om prosess og framdrift, om regionalt kunnskaps grunnlag og om felles planutfordringar.



2 Rammer og føringer for arbeidet

2.1 Folkehelse

[Folkehelselova](#) slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til å utarbeide oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbildet.



2.2 Nasjonalt forventningsbrev

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12 juni 2015 nedfelt "[Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging](#)". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar. Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følgje opp:

2.2.1 Gode og effektive planprosesser

Regjeringa har gjennom ymse endringar i lov



og forskrift vore tydeleg på at tidsbruken i prosessar skal ned, men samstundes at viktige samfunnsinteresser må sikrast. Det kommunale sjølvstyret skal utvidast, men dette legg også eit større ansvar på kommunen for nettopp å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det betyr større fokus på tidleg medverknad og tidlege avklaringar, mellom anna gjennom overordna planar og i [regionalt planforum](#). Regjeringa føreset at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til planbehandling, til føreseielege prosessar i kommunen og til å oppdatere dei overordna planane.

Det er vidare ei forventing om at arbeidet med dei kommunale planstrategiane vert sett i samanheng med kommunereforma. Uavhengig av kva resultat reforma gir, vil samarbeidet med nabokommunane om planstrategiprosessen og kommunereform vere integrert.

[2.2.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling](#)

Forventingsområdet har nær samanheng med internasjonale klimamål og det "grøne skiftet".

Transportsektoren står bak ein vesentleg del av klimagassutslepp, og det er teke til orde for å nytte sterke verkemiddel enn før for å effektivisere transport, mellom anna gjennom meir målretta lokalisering av buområde, arbeidsplassar og transportårer. Også verknadene av klimaendringar må takast større omsyn til og førebyggast. Analyser av risiko og sårbarheit må ligge til grunn.

I dette bildet må leggast til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk. Meir samordna arealplanlegging skal også medverke til å sikre natur-, kultur-, landskaps- og landbruksverdiar, samt areal til rekreasjon og friluftsliv.

[2.2.3 Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde](#)

I dei største byane medverkar sterk vekst til press på areal og infrastruktur. Samstundes legg veksten også godt til rette for at nye, klimavenlege løysingar kan utviklast og implementerast nettopp i pressområda. Dermed må også dette forventingsområdet i stor grad sjåast i samanheng med internasjonale klimamål. Byar og tettstader på alle nivå har potensiale for betre klima- og miljøløysingar, og oftast vil dette også medverke positivt til betre folkehelse, større trivsel og betre levekår.

Betre tilrettelegging for kollektivtrafikk, gange og sykling er eitt av momenta, og tett utnytting av areal kring kollektivaksar og knutepunkt eit anna. Fortetting og transformasjon av område som allereie er utbygd må prioriterast framfor å legge

beslag på nye areal.

Regjeringa vektlegg godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar om sentrumsutviklinga og vil sjølve følgje opp dei største byane med forpliktande utviklingsavtalar eller bymiljøavtaler. Ålesundsregionen er ikkje nemnt spesifikt, men det er mogleg tenke seg at godt arbeid kan føre til at ein kjem i posisjon i framtida.

[2.3 Regionale føringer](#)

[2.3.1 Regional planstrategi og fylkesplanen](#)

[Regional planstrategi](#) er i stor grad utarbeidd parallelt med dei lokale planstrategiane.

I [Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020](#) har fylkestinget prioritert å ha ein overordna regional plan, [Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020](#)

[2.3.2 Gjeldande regionale delplanar](#)

Gjeldane regionale planar er å finne på Møre og Romsdal fylkeskommune sine [heimesider](#).

[Fylkesplanen 2017 – 2020](#) vart vedteken desember 2016 og er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gje fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Den skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket.


2.4 Kommunen sine eigne føringar

Det er utarbeidd heilskapleg ROS-analyse (Risiko og sårbarheit) for kommunen, beredskapsplan for kommunen og ROS-analyse i samband med arealdelen. Overordna planar som samfunnssdelen, økonomiplan og arealdel (under rullering) vil gje føringar for utvikling av kommunen. Meir om desse planane i kap. 5 under.

2.5 Interkommunalt samarbeid

Det er omfattande interkommunalt samarbeid med andre kommunar, det er i dag mange formelle samarbeid med andre kommunar. Dette gjeld blant anna IKT, innkjøp, renovasjon, vassforsyning, brannvern, hamneselskap, landbruk og krisesenter.

Giske kommune ønsker å vidareføre og styrke det interkommunale samarbeidet, blant anna areal- og transportplanlegging, næringsutvikling og tenesteproduksjon i offentleg sektor.



3 Utviklingstrekk og viktige utfordringar

3.1 Den regionale utviklinga

Fylkeskommunen har utarbeidd statistikk for [18 kommunar](#) på Sunnmøre. Denne statistikken viser regionale utviklingstrekk på Sunnmøre samla (inkl. Sandøy). Hovudtrekka her er at folketalsutviklinga i regionen har vore drive fram av ein eventyrlig vekst i næringslivet. Det har vore høg vekst i talet på arbeidsplassar, og dette har ført med seg arbeidsinnvandring i større skala enn nokon gang. Det er likevel betydelege forskjellar mellom kommunane og dei ferskaste tala stadfestar eit trendskifte. Dette kjem mellom anna som ein konsekvens av den negative utviklinga i oljerelaterte næringar.

3.1.1 Demografiske utfordringar

Den demografiske utviklinga på Sunnmøre kjem i ulike fasettar. Ålesund og dei nærmeste omlandskommunane har den sterkeste veksten. Dette er også den sterkeste vekstregionen i heile Møre og Romsdal. Motoren i regionen er Ålesund. Tettstaden Ålesund brer seg inn i enkelte av omlandskommunane, og dei korte avstandane gjer at byen og desse kommunane er godt integrerte i kvarandre.

Unge vaksne flyttar ut av Ålesund by og til omlandskommunane, men det har vore folketalsvekst både frå fødselsoverskot, innanlands tilflytting og innvandring. Den demografiske sårbarheita er relativt lita. Ålesunds

har høg arbeidsplassdekking og stor variasjon i arbeidsmarknaden. Det er også godt utval innan handel, sørvis og urbane kvalitetar i byen for dei som ønskjer å busette seg i regionen eller flytte heim etter å ha budd i større byar tidligare. Veksten kan likevel skape ugunstig trykk på offentlege tenester som skule, barnehage, eldremørsorg. Kor langt konjunkturane vil påverke situasjonen er framleis uklart.

Kommunane på Søre Sunnmøre har også hatt sterkt folketalsauke, men med større variasjon mellom kommunar. Størst har veksten vore i Ulstein, men denne veksten er endå meir drive fram av arbeidsinnvandring enn rundt Ålesund. Ein par av kommunane opplever også nedgang eller stillstand i folketalet. Det er i mindre grad fødselsoverskot og innanlands tilflytting, og regionen samla er derfor noko meir sårbar demografisk. Å vere avhengig av arbeidsinnvandring inneber også utfordringar knytt til integrering, språk, bustader etc.

I indre delar av Sunnmøre, tilliks med resten av det indre fylket, har slite med en svakare demografisk vekst enn resten av Sunnmøre. Dette er kommunar som ikkje har vesentleg næringsliv innanfor vekstnæringane, og dei har derfor kome dårlegare ut. Endringane skjer ikkje i dramatiske sprang, men er over tid problematiske.

Flyttemønsteret generelt er som elles i landet (og verda) prega av ein del unge vaksne flyttar inn mot storbyregionane. Både Sunnmøre og fylket samla har eit ganske stort innanlands

flyttetap i aldersgruppa 20-30 år. I tal har dette blitt motverka av innvandring. Med dårligare konjunktur i næringslivet er det risiko for at veksten stagnerer til eit nivå før 2007, der fødselsoverskot utgjorde omtrent heile den samla folketalsveksten. Gitt at fødselstala også går ned, er dette eit utfordrande bilde.

Den såkalla eldrebølgja vil også ha konsekvensar for kommunane på Sunnmøre. Mange kommunar har allereie i dag en relativt høg del eldre, medan andre står framfor ein stor vekst i denne gruppa.

Det er noko usikkert kva konsekvensar dette har for kommunal tenesteproduksjon. Vi står truleg føre eit teknologisk skifte i tenesteproduksjonen. Velferdsteknologi vil føre til meir effektiv bruk av ressursar. I tillegg endrar den generelle helsesituasjonen for eldre seg. Det som derimot er nokså sikkert, er talet på eldre i kvar kommune aukar og forholdstalet mellom eldre og yngre endrar seg. Dette har konsekvensar langt utover omsorgssektoren, til dømes i bustadmarknaden, for skulestrukturen og for etterspurnaden etter kulturtenester, transport og handelsvarer.



3.1.2 Næringsliv og kompetanse

Næringsstrukturen er nokså lik i mange av Sunnmørskommunane. I ein konkurransesituasjon kan dette kanskje vere ei ulempe, men samstundes borgar det også for felles tilnærming til å løyse utfordringar.

Næringslivet i regionen er mykje basert på ressursane i havrommet, og derfor er regionen i verdsklasse innan maritim industri, fiskeri og havbruk. Men også møbel, ferdigvareindustri og landbruksbasert næringsmiddelindustri har nasjonalt tyngdepunkt på Sunnmøre.

Den maritime klynga består av reiarlag, verft, utstyrleverandørar og designbedrifter. Klynga har utspring i fiskeri, men har særleg det siste tiåret hatt sterkt vekst basert på investeringane i olje- og gassindustrien. Fallet i oljepris har no ført til krevjande tider for den maritime industrien, og har tvinga fram kostnadskutt og omstilling. Næringsklyngeprosjektet [GCE Blue Maritime](#) arbeider med berekraftig kommersialisering av avanserte teknologiar og operasjonar i havrommet.

Møre og Romsdal står for 23 % av den norske fiskeeksporten, og ein stor del av dette har utspring på Sunnmøre. Det er stort potensiale innan foredling av biomarine ressursar, og klyngeprosjektet [Legasea](#) arbeider med utvikling av verdikjeda knytt til dette.

Tal for sysselsette i kommunane og regionen kan visast etter arbeidsstad eller bustad. Høg arbeidsplassdekking er definert som fleire arbeidsplassar enn sysselsette. På Sunnmøre er det to kommunar som ut frå SSB sitt registerdata har eit stort overskot av arbeidsplassar. Det er Ålesund (120%) og Ulstein (125%). Dette er grunnlaget for interaksjon mellom kommunar, og typisk vert nokre kommunar klassifisert som bukommunar og andre arbeidsplasskommunar. Den siste tida har mange verksemder fått svekka lønnsemd og tap. Det har innan oljebasert industri og tenesteproduksjon vore ei rekke oppseiingar og permitteringar. Dette gjeld gjerne dei same verksemndene som gjennom ei årrekke har hatt eventyrleg vekst og som har tilført kommunane vekstkrift. Betydeleg arbeidsinnvandring har vore nødvendig for å hanskast med denne veksten. Grunnlaget for arbeidsinnvandring vert no svekka. Lav kronekurs har styrka anna, eksportretta næringsliv, og dette kan utviklast for å avdempe konjunkturfallet.

Ei felles utfordring for næringslivet på Sunnmøre, uavhengig av bransje, er å rekruttere høg kompetent arbeidskraft. Vi konkurrerer på verdsmarknaden, og då er ikkje spennande jobbar alltid nok. Næringslivet på Sunnmøre er avhengig av ein attraktiv region med ein mangfaldig

arbeidsmarknad, eit breitt tilbod av tenester, kultur og fritidstilbod, og bumiljø med innslag av urbanitet. Vi kan ikkje konkurrere med storbyane, men regionen må i sum by på eit mangfald som er unikt og attraktivt.

Mange arbeidsinnvandrarar har lågare terskel for å flytte ut igjen dersom føresetnadene for tilflyttinga ikkje lenger er til stades. Terskelen kan påverkast av god integrering i lokalsamfunnet, men utviklinga er noko usikker også her.

Ein annan viktig faktor er sjølvsagt korleis konjunktursituasjonen påverkar bustadvalet til arbeidsledige, unge menneske sine val av utdanning og kvar ein ønskjer å investere. Korleis unngår ein at framtidig kompetanse forlèt regionen og korleis sikrar ein at det framleis vert investert i regionen? Kravet til kompetanse aukar i alle bransjar, men Sunnmøre treng fleire bein å stå på. Det kan til dømes ligge eit potensiale i knoppskyting og kommersialisering ut frå kompetansemiljø ved Høgskulen i Volda. Ei tettare integrering mellom høgskule, næringsliv og offentleg sektor på Sunnmøre bør vere eit mål og det bør utviklast fleire «kompetansearbeidsplassar».

I 2016 er det utvikla ein ny [Forskins- og Innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal](#). Denne tek utgangspunkt i regionen sine komparative fortrinn, og identifiserer kompetanse- og forskingsbehov. Strategien identifiserer berekraft, mogleggjera teknologi, også kalla den fjerde industrielle revolusjonen, og kommersialisering/nye forretningsmodellar som viktige drivarar for utviklinga framover.



Næringslivet på Sunnmøre må ta innover seg dette, og finne ut kva det betyr for den einskilde bedrifa. Fol-strategien har sett auka innovasjonsevne i næringslivet som mål, og den vil bli følgjt opp med tiltak retta mot både meir forskingsbasert innovasjon i næringslivet, institusjonsbygging og betre samspel i innovasjonssystemet.

Byregionane i Møre og Romsdal (Kristiansund, Molde, Ålesund og Ulsteinvik) må samarbeide for å styrke sin posisjon mot byregionane utanfor fylket (Trondheim og Bergen og Oslo). Skal vi klare å halde på unge menneskjer i fylket, spesielt unge kvinner, må byane utvikle seg, bli meir urbane, få kvalitetar som finns utanfor fylket.

Kommunegrenser spelar liten rolle i næringsutvikling. Giske kommune ønskjer difor felles næringsplan for Ålesundsregionen for å utnytte dei moglegheitene som fins i regionen. Dette vil gje kommunane ei sterkare slagkraft og felles retning. Samarbeid vil gje betre uttelling enn kva kommunen oppnår sjølv.

3.1.3 Tidlegare analyser av Sunnmøre

[Sunnmøre i framtida](#) er eit regionalt utviklingsprosjekt, som har sitt utspring i Sunnmørskonferansen 2009. Prosjektet skal bidra til å utvikle Sunnmøre som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion. Målsetjinga for *Sunnmøre i framtida* er at vår region i 2020, skal vere ein av Noregs mest attraktive og leiande regionar. Sunnmøre skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv, ha etablert seg som ein felles bustad og arbeidsmarknadsregion, vere ein kunnskapsintensiv region og ha utvikla sosiale og kulturelle tilbod som gjev mangfald og gode opplevingar. Det har vore fleire initiativ og prosjekt, både i næringsliv og offentleg sektor, for å styrke regionen og gjere Sunnmøre meir attraktiv. Ved å synkronisere og mobilisere dei ulike samfunnskretene vil ein styrke slagkrafta i det regionale utviklingsarbeidet.

Visjonen om eit framtidig Sunnmøre på offensiven kjem ikkje av seg sjølv. Den må følgjast opp med handling og ei erkjenning om at ein må opptre meir samla. Dei må samarbeidast tettare, meir målretta og meir effektivt. Kommunane må engasjere seg sterkare i det regionale utviklingsarbeidet og bør markere seg tydlegare i den strategiske diskusjonen om dei statlege og

fylkeskommunale rammevilkåra, verkemidla og tenestene.

Porten til Sunnmøre

Ei plan- og lokalsamfunn-studie kalla "Innfallsporten til Sunnmøre", og som skulle omfatte Giske kommune sett i relasjon til Sunnmøre på norskekysten.

3.1.4 Klima, energi og miljøutfordringar - grønt skifte

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor i dag. Forskarar og politikarar frå heile verda er samde om at det er nødvendig med kraftige og vedvarande kutt i klimagassutsleppa. På klimatoppmøtet i Paris i 2015 vart verdas toppleiarar derfor også samde om ein klimaavtale som forpliktar nasjonane til å gjere alt dei kan for at temperaturen ikkje skal stige meir enn to grader. Dette er i følgje FN grensa for kva naturen kan tåle. Stig temperaturen meir enn dette vil vidare endringar i klima og miljø kome ut av kontroll. Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990. Dersom vi skal oppfylle målet krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, noko som sjølvsagt også får følgjer i Møre og Romsdal.

I regional delplan har fylkestinget i som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 % frå 2009. Dei fire største sektorane for utslepp i fylket er samferdsel, industri, landbruk og stasjonær

forbrenning og det er sett delmål for utsleppskutt, som til saman tilsvavar hovudmålet i planen.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Det er påvist at kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Dei fleste kommunane har lokale klimaplanar, mellom anna hadde Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Sula, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eit felles prosjekt der også Enøk-senteret, Høgskulen i Volda, Møreforsking, Tussa Kraft og Volda og Ørsta Reinholdsverk deltok. Stasjonær energibruk, avfall, forbruk og transport var tema. Det vart laga felles mål for kommunane, med nokre skilnader i delmål og strategiar. Handlingsdel må følgjast opp i kvar enkelt kommune. Det er generelt behov for å oppdatere dei kommunale klimaplanane med siktet på dei nye, nasjonale måla og Paris-avtalen.

Utfordringane knytt til klimaendringane er store og komplekse, og aktuelle tiltak omfattar innsats på ulike samfunnsområde- og nivå. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Felles utfordringar er å ha tilstrekkeleg kunnskap og ressursar innan klimaarbeidet, praktisk oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak, og å forankre klimaarbeidet best mogleg i kommuneorganisasjonen. Dette er eit område det er naturleg for fleire kommunar å samarbeid om.

Gjennom overordna planar søker Giske kommune å redusere energibruk, utslepp av klimagassar, utslepp av klimagassr og støy med å legge til

rette:

- for kollektivtransport
- å byggje ut gang- og sykkelvegar
- å konsentrere utbygging (bustad og næring)
- for handel i Giske kommune

3.1.5 Samordning av areal- og transportplanlegginga

Samordning av [areal- og transportplanlegginga](#) er ei utfordring ut frå ei rekke forhold. Først må det visast til det nasjonale forventingsbrevet der både berekraftig arealforvalting og miljøvenlege tettstader er synleggjort som nasjonal politikk. Med dette må ein også kunne forvente at ressursar vert sett inn nasjonalt.



For det andre er det nødvendig å ta innover seg at dei mest attraktive regionane synest å vere knytt til dei største byane, og regionutvikling må bygge på den vekstkrafa som ligg i det urbane. For å skape urbanitet må arealressursar og transportressursar samorganiserast med sikte nettopp på dette. Dette er også nedfelt som mål i det regionale planverket.

For det tredje gjer omsynet til klima og forureining at det er nødvendig å fange mest mogleg av dagens og komande transportbehov i reisemiddel som er mindre forureinande og betre organisert. Avstand mellom og romleg organisering av ulike funksjonar er nøkkelfaktor, noko som berre kan løysast gjennom god arealplanlegging.

For det fjerde er det også av økonomiske årsaker nødvendig å bygge under dagens system for alternativ transport (les kollektiv) på ein slik måte at det er forsvarleg å oppretthalde tilboda. Dette kan berre gjerast gjennom å lokalisere meir aktivitet inn mot knutepunkt og trasear.

For det femte vil omsynet til naturmangfold, rekreasjon og naturens bereevne gjere det nødvendig å nyte allereie nedbygd areal på ein meir effektiv måte. Kvar enkelt sitt fotavtrykk i naturen må reduserast.

I Møre og Romsdal er Ålesundregionen den største av byregionane. Dette inneber at det sannsynlegvis er her det er mest å hente miljømessig og transportmessig på samordna

planlegging. Byregionar andre stader i landet har gjennomført liknande prosessar tidlegare, medan det ikkje har vore prioritert i vårt fylke. Tida er no kome, også her. Arbeidet bør organiserast som ein regional delplan, også med sikte på regional planbestemming og implementering i kommande kommuneplanar.

Nasjonal transportplan (NTP) er regjeringa sitt mål- og strategidokument for transportpolitikken (sjø, luft, bane og veg) i Noreg. Her blir det lagt rammer for staten sine økonomiske prioriteringar på samferdselsområdet. I planperioden vil Giske kommune jobbe for å følgje opp NTP (hovudsakleg nasjonal fiskerihamn) og arbeide for vidare utvikling av vare- og persontransport via veg, sjø og luft.

Giske kommune vil vere positiv til å delta i arbeid med felles areal og transportplan. Samordning vil vere eit viktig grunnlag for å skape eit betre og meir framtidsretta kollektivsystem med fleire reisande, skape trivelege og attraktive stadar og



auka mjuk ferdsel (ikkje motorisert ferdsel).

3.1.6 Felles planlegging i sjøarealet

Omstrukturering av havbruksnæringa har gjort kommunegrenser mindre og mindre relevante i forhold til korleis næringa nyttar areal. Også for arealbruk generelt i sjø er kommunegrenser nokså uinteressante; fiske, friluftsliv, ferdsel, mv. Behovet for felles planlegging er ut frå dette generelt større enn på land. Med utgangspunkt i havbruksnæringa opplever mange at presset på sjøarealet vert større, og at samordna planlegging er nødvendig av den grunn. Plan- og bygningslova sin heimel for arealplanlegging strekker seg til ei nautisk mil utanfor grunnlina.

Det er starta opp samarbeidsprosjekt med nabokommunar og offentleg mynde om kartlegging av sjøbotnen.

Giske kommune ser behovet for samarbeid om sjøområda. Hovudfokuset for kommunen vil vere mot havrommet. Då vil naturlege samarbeidspartnarar vere dei ytre kystkommunane; Herøy og Haram.

3.1.7 Barn og unge

Gjennom Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga er det definert to viktige nasjonale mål. Desse måla kjem også fram av at Noreg har ratifisert FN sin barnekonvensjon:

- Sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og



unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov.

- Ivareta det offentlege ansvaret for å sikre barn og unge dei tilbod og mogleger som samla kan gi den enkelte utfordringar og ein meiningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

For å best mogleg ta i vare desse viktige måla, er det viktig at kvar kommune tek omsyn til barn og unges interesser i alt planarbeid, ikkje berre som ein enkelt plan. Rikspolitiske retningslinjer må vere førande i planarbeidet, men ein må også evne å sjå konsekvensar av at barn og unge sine interesser ikkje blir prioritert.

Høgt fokus på løysingar som tek i vare barn og unge, vil medverke positivt til attraktivitet i kvar enkelt kommune. At barn og unge kjenner seg i varetekne, lytta til og trygge, gjer det lettare å bli verande, eventuelt kome tilbake etter endt studietid.

Den nasjonale rapporten frå [UNGdata](#)-undersøkingar i 2014, viser at graden av psykiske helseplager påverkar i kor stor grad ungdom er fornøgde med lokalmiljøet sitt. Ei slik undersøking er med på å stadfeste at det psykososiale miljøet, til dømes i skulen, er svært viktig. Fysisk utforming av skulen kan vere ein del av dette, men uansett understrekar det viktigeita av gjennomgåande fokus på barn og unges interesser i all planlegging.

Rapporten «[Ung i Møre og Romsdal](#)» frå 2015 viser at elevar i vidaregåande skule som ser føre

seg å gå vidare til universitet og høgskular, ser det som *lite sannsynleg* at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Dei som ikkje har planar om universitet og høgskule ser på det som *svært sannsynleg* at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Ein vesentleg faktor her er kjennskapen til kva jobb ein kan finne i fylket. Dei som kjenner godt til jobbmoglegeheitene svarar i større grad at dei vil bli buande.

Ikkje minst er det også viktig at det er mogleg med høgare utdanning innan fylket, jamfør utfordringane i næringslivet. Eit godt utdanningstilbod styrkar attraktiviteten både for unge som bur her og for unge andre stader som skal velje utdanning.

Desse signala frå born og unge i fylket må og bør kvar enkelt kommune ta på alvor enten aleine eller i samspel med andre aktørar for å betre legge til rette for at det blir attraktivt å både bu og ville flytte tilbake til heimstaden sin, eller for nye å flytte til. Dei demografiske trendane viser at dette er svært viktig å ha merksemål på.

[Barnebyks](#), kartlegging av barn og unge sin oppvekst gjennomført i 2015, gjev ei samla oversikt barn og unge sin oppvekst i fylket. Barnebyks bør leggjast til grunn ved utvikling av tenester til barn og unge i kommunen.

Det har vorte gjennomført fleire barnetrakk registreringar i kommunen knytt til rullering av kommuneplanen. Desse skal nyttast i samband med planlegging og tiltak. I framlegg til føresegner

til arealdele er det sett krav om vurdering av barnetrakkregistrering i samband med regulering.

Ny [Ungdata](#)-undersøking vart gjennomført i mars 2017. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe vil følgje opp arbeidet med innkomne data. Kunnskapen frå Ungdata-undersøkinga hører naturleg med i kunnskapsgrunnlaget til planarbeid i kommunen.

3.2 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Utviklingstrekk som skil seg frå regionale utviklingstrekk og utfordringar: [Kommunestatistikk for Giske kommune](#).



Status	Moglege årsakar	Moglege konsekvensar
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Sterk befolningsvekst, ei av kommunane med størst prosentvis vekst i fylket. ➤ Blant kommunane i fylket med høgst prosentdel barn. ➤ Flest barnefamiliar ➤ Fødselsoverskot ➤ Positiv netto innanlandsflytting ➤ Del eldre lågare enn fylket ➤ Framskriven eldredel lågare enn for fylket og for landet. ➤ Aukande utflytting ➤ Aukande intern flytting 	Giske er attraktivt buområde med god tilgang på natur og samstundes nærleik til Ålesund by. Regional arbeidsmarknad, og nærleik til flyplass vil og spele ei rolle her.	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Press på barnehage og skule. ➤ Press på tenester retta mot barn/unge og barnefamiliar. ➤ Stort behov for møteplassar og integrering* ➤ Press på areal til bustad, og samstundes auka behov for areal til leik, idrett, friluftsliv og rekreasjon. ➤ Slitasje på friluftsområde. ➤ Auka biltrafikk, og auka behov for attraktive kollektivløysingar og attraktive ferdselsårer for mjuke trafikantar. ➤ Tap av lokal identitet og tilhøyre

*Integrering som omgrep vert oftest knytt til innvandrarar og flyktningar. Omgrepet blir her brukt som integrering generelt og involverer alle type tilflyttarar.

Tab. 1. Oppsummering av hovudtrekk i Giske kommune. Henta frå folkehelseoversikt under arbeid, Giske kommune

Arbeidsplassdekning

Arbeidsplassdekninga har minka for kommunen. Dette skjer sjølv om tal arbeidsplassar har auka. Forklaring på låg arbeidsplassdekning er stor befolningsvekst og fleire bedrifter med hovudkontor utan om Giske kommune.

Folketalsvekst

Giske kommune har stor befolningsvekst, den var i perioden 2005 – 2015 på 20,2 %. Det er grunn til å tru at veksten vil fortsette dei komande åra. Ved framskriving vert høg nasjonal vekst lagt til grunn.

Veksten i kommunen er av yngre menneskjer, den relative befolkninga som er 67 år og eldre er lav i kommunen. Ung befolkningsvekst fører til større press på kapasitet for skular og barnehage.

Fiskerkommune

Giske kommune er ein dei største fiskerkommunane i landet. Gjøsundet ligg no inne i NTP som nasjonal fiskerihamn.

Ålesund lufthamn, Vigra

Den største flyplassen mellom Bergen og Trondheim ligg i kommunen. Flyplassen gjev både føremorar og ulemper for kommunen. Utfordringar er ny støysone frå 2015 som dekkjer store delar av Vigra og trafikk langs rv. 658.

Folkehelseoversikt

Giske kommune held på å utarbeide ei folkehelseoversikt, den skal gje oversikt over helsetilstand og påverkingsfaktorar. Lov om folkehelse pålegg kommunane å ha eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Kunnskap om folkehelsetilhøva i kommunen er vesentleg for å kunne fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet og for å kunne prioritere og planlegge innsatsen på folkehelseområdet. Tabellen på førre side syner oversikt av hovudtrekk i Giske kommune, og kommenterer kort moglege årsakar og konsekvensar.

På grunn av mykje bruk, stor slitasje og privatisering av tilkomst, vart det i samband med

rullering av kommuneplanen sin arealDEL vorte gjennomført kartlegging og verdsetting av dei viktigaste friluftsområda i kommunen. Denne rapporten var vedlagt arealdelen når den var på høyring og har vorte nytta i utarbeiding av plankartet og det er lagt inn føringar i framlegg til føresegner og retningsliner til arealdelen om korleis ein skal halde seg til dei ulike områda som er registrert.

4 Evaluering gjeldande planar

4.1 Plansystemet i kommunen

Giske kommune sitt plansystem følgjer tradisjonelt mønster; med kommuneplanen, som består av samfunnsdel, arealDEL og økonomiplan. Under kjem kommunedelplanar, temaplanar og reguleringsplanar.

Planstrategien vil vere ein overordna plan som skal gje oversikt over alle overordna planar, deira status og behov for eventuelle endringar. Tabell i kapittel 8 gjev ei oversikt av kommunale planane per 2017.



Giske planforum

I samband med utarbeiding av samfunnssdelen og arealdelen vart det oppretta prosjektgruppe for planarbeidet. Prosjektgruppa består av rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjef helse og omsorg, næringssjef, einingsleiar teknisk, einingsleiar miljø og kultur, folkehelsekoordinator, barn og unge sin representant og planleggar.

Dette har vore så nyttig at prosjektgruppa har vorte permanent og fått nytt namn; Giske planforum. Giske planforum blir nytt til å diskutere overordna problemstillingar tverrfagleg.

4.2 Kommuneplan

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet og skal vere førande for utviklinga i kommunen. Kommuneplanen består av samfunnssdel med handlingsdel (økonomiplan etter kommuneloven) og arealdel.

Samfunnssdelen 2014 - 2026

Kommuneplanen sin samfunnssdel skal ta stilling til langsigchte utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Planen skal gje retningsliner for korleis eigne mål til kommunen og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private. [Gjeldane samfunnssdel](#) vart vedteken 25.09.2014. Ein kan ikkje sjå at det har kome ny utvikling som det ikkje er teke høgde for i den. Konklusjonen blir difor at det ikkje blir lagt opp til rullering av samfunnssplanen i perioden.

Arealdelen 2009 – 2021

Kommuneplanen sin arealdel skal syne samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal gje hovudtrekka i:

- arealdisponeringa

- rammer og føresetnadalar for kva nye tiltak som kan setjast i verk
- rammer og føresetnadalar for ny arealbruk
- Viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av arealet




Fig. 1. Planprosessar i kommunen, henta frå rettleiar kommunal planstrategi.

Arealdelen er under rullering. Den har vore ute på offentleg ettersyn i 2017. Det blir lagt opp til vedtak på slutten av året.

Økonomiplanen 2017 – 2021

Økonomiplanen er saman med årsbudsjett det viktigaste styringsdokumentet for kommunen som organisasjon. Den skildrar framskriving av kommunen sine forventa inntekter og utgifter knytt til drift. Investeringsbudsjettet syner planlagde investeringar og korleis dei skal finansierast.

Økonomiplanen vert rullert kvart år i samband med budsjetthandsaming.

4.3 Regional delplan

Areal og transportplan bør utarbeidast som regional delplan for Ålesundsregionen. Giske kommune ønskjer at Møre og Romsdal fylkeskommune står som ansvarleg for planarbeidet. Dette blir grunngjeve med tilgang til ressursar, erfaring med regional planlegging og at planen vil kunne nyttast som motsegnsgrunnlag.

Giske kommune vil vere positiv til å delta i arbeid med felles areal og transportplan. Samordning vil vere eit viktig grunnlag for å skape eit betre og meir framtidsretta kollektivsystem med fleire reisande, skape trivelege og attraktive stadar og auka mjuk fredsdel (ikkje motorisert ferdsel)

4.4 Interkommunal plan

Strategisk næringsplan må utarbeidast som interkommunalplan for Ålesundsregionen. Giske kommune ønskjer at Sunnmøre regionråd står som ansvarleg for planarbeidet, der nødvendige ressursar, blant anna, kan bli henta frå kommunane som er med i planen.

4.4 Kommunedelplan

Kommunedelplan avløp vart godkjent i 2012. Den må rullerast i perioden.

4.5 Temaplanar

Det er rullert fleire temaplanar i førre kommunestyreperiode. Innanfor helse, sosial og omsorg er fleire planar slått saman til ein. Trafikktryggingsplanen skal rullerast i denne perioden, men då som kommunedelplan. Det vil bli gjennomført felles kommunal kartlegging av

sjøområda.

4.6 Reguleringsplanar


I kommunal regi er det i kommunestyreperioden ønskeleg å starte opp regulering av tre større planar:

- områdeplan for nytt kommunesentrums
- områdeplan for næringsutvikling sør for flyplassen
- områdeplan Roald

Før planarbeidet kan starte bør kommuneplanen sin arealdel vere vedteken, då arealdelen vil gje premissar for planarbeidet. I tillegg vil det bli starta opp kommunale reguleringsplanar for teknisk infrastruktur. Reguleringsarbeid vil i det vidare ikkje bli omtalt.

4.7 Oversikt over overordna planar

Tabell over gjeldande planar:



Oversikt over gjeldande planar

Tenesteområde	Plan	Vedteken
Sentraladministrasjonen	Kommuneplan 2014 – 2026, samfunnsdel	2014
	Kommuneplanen sin arealdel, 2009 - 2021	2009
	Årsbudsjett 2017 og Økonomiplan 2017 – 20	2016
Stab	Strategisk næringsplan 2016 – 25	2016
	Digitalisering og omstilling	2016
	eKommune Sunnmøre – IKT –strategi 2015 – 20	2015
	Beredskapsplan 2017 - 2018	2016
Oppvekst	Kompetanseutvikling for grunnskulen 2012 – 2013	2011
	Kompetanseutvikling for barnehage 2014 – 2017	2014
	Barnehageplan 2008 – 11	2007
	Strategisk IKT – plan for skuleverket	2008
	Kvalitetsplan for skular og barnehage	2014
Helse, sosial og omsorg	Helse- og omsorgsplan 2016 - 2020	2016
	Plan for helse- og sosial beredskap	2005
	Bustadsosial handlingsplan	2010
	Rusmiddelplan 2008 - 2011	2008
Teknisk	Smittevernplan	2014
	Trafikktryggingsplan for Giske kommune 2012-2024	2012
	Kommunedelplan Avløp	2012
Miljø og kultur	Kulturplan 2016 – 2026	2016
	Museums- /kulturminneplan 2014 – 17	2013
Landbruk	Landbruksplan	2009
	Kjerneområde landbruk	2015

Oversikt over planar som er starta opp:

Rullering av kommuneplanen sin arealdel

Kommunedelplan trafikktrygging

Kommunedelplan naturmangfold

Tab. 2. Oversikt gjeldande planar i Giske kommune og planar som er starta opp

5 Prioritering av planoppgåver i perioden 2017 -2020

Planstrategien skal vere kommunestyret si prioritering av planoppgåver, det er difor berre overordna planar som går til kommunestyret som er teke med i prioriteringsslista over planoppgåver.

Førre planstrategi var for ambisiøs når det gjaldt planoppgåver i perioden. I tillegg har føresetnadane endra seg, blant anna vart arbeidet med kystsoneplan stoppa, og sjøområda vart teke med i rullering av arealdelen. Det vart ikkje starte opp rullering av blant andre av kommunedelplan Avløp, trafikktryggingsplanen og landbruksplan. Ny planstrategi vert lagt opp til å vere litt mindre ambisiøs i planperioden.

Skal ein plan ha status som kommune(del) plan er det formell handsaming etter plan- og bygningslova (pbl) kapittel 11, med utarbeiding av planprogram, høyring, offentleg ettersyn og vedtaksprosedyrar.

Temaplanar har ikkje noko formelle krav til utarbeiding og handsaming. Men for at innbyggjarane og offentlege instansar skal bli involvert bør kommunen i dei fleste tilfelle legge opp til planprosess som i store trekk følgjer prinsippa i handsaming av planar etter pbl. For temaplanar fell kravet om årleg revisjon av handlingsdelen vekk.

Ei sentral føresetnad for god, effektiv kommunal planlegging er tidleg kontakt og eit godt samspel mellom kommunen, private, lokale interesser og statlege og fylkeskommunale organ. Det er viktig at kommunen stimulerer til medverknad frå partar og til offentleg debatt om planane før dei blir endeleg vedtekne.

Når arealdelen er ferdig utarbeidd, vil det bli frigjort ressursar til anna planarbeid.

Tenesteområde/plan	Vedteken	2017	2018	2019	2020
Sentraladministrasjonen					
Kommuneplan 2014 – 2026, samfunnsdelen	K	2014			
Kommuneplanen sin arealdel , 2009 - 2021	K	2009	Vedtak ny		
Kommunedelplan naturmangfold	K	-		Ny	
Økonomiplan 2017 – 20 og årsbudsjett 2017	K	2016	Rull	Rull	Rull
Stab					
Strategisk næringsplan 2016 – 25	T	2016			
Digitalisering og omstilling	T	2016		Rull	
eKommune Sunnmøre – IKT –strategi 2015 – 20	T	2015			
Beredskapsplan 2017 - 2018	T	2016	Rull	Rull	Rull
Oppvekst					
Kompetanseutvikling for grunnskulen 2012 – 201	T	2011			
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014 – 2017	T	2014		Rull	
Barnehageplan 2008 – 2011	T	2007	Rull		
Kvalitetsplan for skular og barnehage 2014 - 2017	T	2014	Rull		
Helse, sosial og omsorg					
Helse- og omsorgsplan 2016 - 2020	T	2016			
Plan for helse- og sosial beredskap	T	2005			
Rusmiddelplan 2008 - 2011	T	2008	Rull		
Bustadsosial handlingsplan	T	2011	Rull		
Smitvernplan	T	2014	Rull		
Kvalitetsplan for helse, sosial og omsorg	T		Ny		
Teknisk					
Kommunedelplan Avløp	Kd	2012	Rull		
Trafikktryggingsplan for Giske kommune 2012-2024	Kd	2012	Rull		
Klima- og energiplan	T	2010			Rull
Kvalitetsplan teknisk	T			Ny	
Miljø og kultur					
Kulturplan 2016 – 2026	T	2016			
Museums- /kulturminneplan 2014 – 17	T	2013		Rull	
Kvalitetsplan miljø og kultur	T		Ny		
Landbruk					
Landbruksplan	T	2009		Slå saman rullere	
Kjerneområde landbruk	T	2015			
Interkommunale planar					
Næringsplan			Ny		

K – kommuneplan Kd – kommunedelplan T - temaplan

6 Konklusjon

Arbeidet med rulling av kommuneplanen sin arealdel skal sluttførast snarast råd. Det blir ikke lagt opp til rulling av samfunnsdelen i denne kommunestyreperioden.

Tab. 3. Oversikt over kommunale planar og prioritering for rulling av desse.



GISKE KOMMUNE

Valderhaug 4
6050 Valderøya
Tel.: +47 70 18 80 00
www.giske.kommune.no